

Vedtak om restriksjoner mot koronasmitte

Kommuneoverlegen i Kvitsøy gjer følgande vedtak etter smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd for å stoppe spreiring av Covid-19 og bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstjenester

1. Alle som kjem til Kvitsøy kommune, som har opphaldt seg i områda nevnt i punkt 2, blir ilagt karantene i 14 dager etter at dei kjem til kommunen.
2. Vedtaket gjeld alle som har vore utanfor Kvitsøy kommune.
3. Reisande med symptom skal umiddelbart i isolering, og kan ikkje bruke offentleg transport
4. For personar som utviklar sjukdom eller symptom i karanteneperioden, gjeld myndigheitene sine gjeldande føringar for konvertering av karantene til isolasjon.
5. Medisinsk naudsynte besøk til spesialisthelsetenesta og deltaking i gravferder blir ikkje rekna som opphald i områda nemnt i punkt 2.
6. Førar og personell av varer og passasjertransport blir unnateke frå karantekravet frå dette vedtaket, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon gjeld. Dette omfattar også personell som er naudsynt for å gjennomføre transporten.
7. Leiinga av verksemder som er lista opp etter DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjoner blir gitt adgang til å gjere unntak for eige nøkkelpersonell når dette er strengt naudsynt for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar.
8. Det er ikkje utreiseforbod.
9. Helsepersonell som friviljug reiser til område som gjer karantene kan ikkje rekne med å få sjukepengar i karanteneperioden.

Me presiserer at dersom du reiser til eitt av områda i punkt 2, kjem du i karantene når du kjem heim igjen.

Dersom du pendlar til ein arbeidsstad innanfor eit av områda i punkt 2, må du halde deg i karantene så lenge du er innanfor Kvitsøy kommune.

Vedtaket har verknad frå og med 16.3.2020 kl. 19:30 og gjeld inntil nytt vedtak er fatta.

Rettsleg grunnlag

Smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd gir kommuneoverlegen heimel til å sette i verk ulike tiltak i hastesaker når det er naudsynt for å forebygge ein allmennfarleg smittsom sjukdom eller motvirke at den blir overført i befolkninga.

Sanksjoner og straff

Kommunen kan iht. smittevernloven § 4-1, 3. ledd gripe inn og sørge for gjennomføring av tiltak på den ansvarliges regning, dersom vedkommende ikke retter seg etter vedtaket, og hvis iverksettingen ellers blir forsinket. For etterlevelse av vedtak om begrensninger i bevegelsesfriheten iht.

smittevernloven § 4-1, 1. ledd bokstav d), kan det fattes vedtak om tvang etter smittevernloven kap. 5. Forsettlig eller uaktsom overtredelse av loven eller vedtak gitt med hjemmel i loven kan iht. smittevernloven § 8-1 straffes med bot eller fengsel inntil 2 år. Dersom overtredelsen har tap av menneskeliv eller betydelig skade på kropp eller helse som følge, er straffen bot eller fengsel inntil 4 år

Grunngjeving:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarlege smittsomme sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvenser for mange mennesker. Sjukdommen er også erklært som ein pandemi og ein alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse av verdens helseorganisasjon.

Helsedirektoratet vedtok 12.3.2020 omfattande tiltak for å hindre spreiring av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstjenester. Formålet er å begrense spreiring av smitte lokalt, nasjonalt og internasjonalt. I tillegg er det for å beskytte helsepersonell og anna samfunnskritisk personell mot smitte og sjukdom.